

Prekenverkstedet



<http://www.israelmisjonen.no/ressurser/materiell/prekenverksted>

Femte søndag etter påske, 29. mai 2011

Ef 3, 14-21

Jer 29, 11-14a

Joh 16,23b-28

Sjølv om vi i vår samanheng kallar søndagane med det nummeret dei har *etter* påskedag; første, andre, tredje osv, så er me framleis i påsketida. For påska er ikkje slutt med påskedagane. På ingen måte! Om det er sant at jula varer heilt til påske, så er det like sant at påska varer heilt til kvitsunn! Påsketida varer i femti dagar. Den førtiande dagen er Kristi himmelfarts dag; og denne dagen kjem torsdag i komande veke. Så er det ei veke til, og då er kvitsunnhøgtida der.

Denne femte søndagen etter påske er kalla bønne-søndagen, eller rogate, med eit framandord. Rogatesøndagen og dei tre etterpåfylgjande kvardagane før Kristi himmelfartsdag skal opprinneleg ha vore knytte til bøneprosesjonar. Prest og kyrkjelyd gjekk ut på åker og eng for å be om Guds signing over haust og grøde, og om vern for folk og land.

Bøya kne for Faderen

Dei fire siste søndagane har det vore fokus på tekstar frå Johannes-evangeliet; to av dei med tekst henta frå Johannes 16. Normalt ville det vore ein ny Johannes-tekst også denne gongen. Men no er Joh 16,23b-28 sett opp som lesetekst. Denne søndagen har brev-teksten og evangelie-teksten med andre ord bytta plass. Det er flott at det av og til også er tekstar frå enten Det gamle testamente, eller som her, frå breva i Det nye testamente, som får hovudplassen i gudsteneste og møte. I andre tekstrekke er det Fader Vår frå Bergpreika som er hovudtekst.

Teksten handlar for så vidt om bøn. Apostelen startar med å fortelja om at han bøyer kne for Faderen i himmelen. Men på den andre sida er det ikkje direkte ei bøn vi les. Men apostelen skriv til efesar-kyrkjelyden om Gud som er den rette far, og kva han ber til far om, for dei. Han ber for dei om styrke i det indre, at dei må verta rotfesta og grunnfesta i kjærleiken, ja fylte til all Guds fullnad. Han rundar av kapittelet med å understreka at Gud kan gjera mykje meir enn vi skjønar, og uansett skal han ha all ære i kyrkjelyden i Jesus Kristus, der og då, og til alle tider og alle æver.

Storbyen Efesos

Efesos var ein storby, eit handels- og kultursentrum gjennom så og seia heile oldtida. Efesos var den eigentlege hovudbyen i den romerske provinsen Asia. Det er antyda at det i periodar budde så mange som 300 000 menneske i byen. Det store Artemis-

tempelet vart rekna som eit av dei sju underverka i antikken. I lange periodar budde det også mange jødar i Efesos. Byen dukkar opp i fleire samanhengar i Det nye testamente. Svært godt kjent er opptrinnet som ein kan lesa om i Apostelgjerningane 19, med Paulus og sylvsmeden Demetrius i "hovudrollane". Apostelen virka i byen i om lag to år. Mykje skjedde. Mange kom til tru, både jødar og heidningar.

Når Paulus no skriv brev til kyrkjelyden i den gamle storbyen, brukar han det meste av kapittel 2 og 3 til å få fram ein revolusjonerande bodskap; nemleg at jødar og heidningar no er likestilte. No har dei same rettane til å få del i alle frelsesgodene. I den tida då jødane på ein særleg måte var utvalde, var heidningane utan Kristus, utestengde frå borgarrettane i Israel og hadde ikkje del i paktene og lovnadane og var difor utan Gud og utan von i verda (2,12). Dette er sterke ord! Men no, i Kristus, er døra opna for alle. Jødane er hovudarvingar til frelsa og himmelgodene, og heidningane eller folkeslaga om ein heller vil, er medarvingar. Jesus held sjølv heile dette åndelege byggverket saman (2,21).

Apostelen har vore og er ein tenar for alt dette. Han er i ettertida nok mest kjent som heidningane sin apostel, men det vil vera like rett å kalla han jødane sin apostel. Når vi les om både Paulus og andre Jesus-truande jødar og deira vitneteneste i dei første åra etter Jesu tid, ser ein mønsteret klart: Dei går som regel alltid til jødane først! I brevet til romarane understrekar han dette svært klart: Evangeliet er ei kraft til frelse, før jøde først, så for grekar. Grekar i denne samanheng er folkeslaga, eller heidningane. Jødane har ein førsterett til frelsa. Det er vi andre, av heidningefolka, som har vorte innlemma i dei frelsesgodene som først vart gitt til jødane.

Gjerdet som skilde

Dette var ikkje enkelt å koma til rette med; korkje i Efesos, eller i andre kyrkjelydar i andre byar. Og det har vore vanskeleg meir eller mindre alltid sidan Paulus si eiga tid! For det låg eit gammalt fiendskap bak (2,14), og det var eit gjerde som skilde. Men Jesus forlika desse to gruppene, på krossen. Der slo han fiendskapen i hel. No forkynte han fred både for dei som var nær (jødane) og dei som var langt borte (heidningane) (2,16f).

I mange hundreår var det ein hovudtanke innan kyrkja at jødane si rolle var utspela. Den kristne kyrkja (av heidningar) hadde overteke. Skulle ein jøde koma til tru og verta døypt og innlemma i kyrkja, måtte han opphøyra å vera jøde! Men i nyare tid er det stadig fleire som ser at den radikale bodskapen i mellom anna Efesarbrevet, står fast. I den sanne kyrkja finn ein både Jesus-truande jødar og Jesus-truande heidningar.

Men også i vår tid veit vi litt om kor utfordrande det kan vera å byggja ein sann åndeleg einskap mellom folk og folkegrupper som i utgangspunktet enten hatar kvarandre eller ikkje aksepterar kvarandre. Røynsler frå forsoningsprosessar i Sør-Afrika og frå det arbeidet Israelsmisjonen er engasjert i, gjennom Musalaha, Bridgebuilders og i bibelselskapa i Midt-Austen, fortel oss om dette.

I siste del av brevet skriv apostelen mykje om korleis ein skal leva, når ein er innlemma i dette fellesskapet. Det må vera eit liv i pakt med kallet (4,1). Men før han går over til dette, rundar han av den delen av brevet, som er vår tekst.

Til Guds ære

Apostelen kjenner på det store og veldige han står framføre. Gud sine store planar er fullførde i Kristus Jesus (3,11). Frimotet vårt ligg difor i Han (3,12). Difor ber han om at dei truande i Efesos ikkje må mista motet; og endåtil verta sette i stand til å tola lidingar (3,13). Av alle desse grunnar bøyer han seg, både fysisk og åndeleg. Han opplever dette som ein sterk bodskap med personleg adresse til han sjølv. Dette ”difor” som teksten startar med (3,14), kan difor truleg gå tilbake på alt det apostelen har falda ut om dette veldige emnet, hittil i brevet.

I teksten seier han så at han ber til Gud om at efesarne og alle vi som trur på Han, må få kjenna Guds kraft og stå rotfesta og grunnfesta i kjærleik. Guds godleik og kjærleik er langt meir innhaldsrik enn vi kan fatta. Og Han kan gjera mykje meir i oss og ved oss enn vi har forstand til å be om. All ære vera til Han, i kyrkjelyden, i Kristus Jesus, gjennom alle slekter, til alle tider.

Slik skriv apostelen til efesarane. Men denne helga skal vi lesa det til og for kvarandre og ta det til oss!

Vi er sanneleg førde inn i ein stor samanheng, vi som er komne til tru på Jesus Messias! Dette får vi sjå endå klårare om få dagar, når vi skal lesa om himmelfarten og Anden som vart utrent kvitsundagen.

Aktuelle/moglege moment til preika

-Innleiing om særpreget ved denne sundagen; at det er ein særleg bønne-sundag, og at så godt som alle tekstar og salmer krinsar om dette.

-Kort innføring i kva slags by Efesos var, og i kva grad Paulus sjølv hadde vore der og virka.

-Kort gjennomgang av bodskapen/bakgrunnen i kapittel 2 og 3 om einskapen mellom jødar og heidningar, i Jesus.

-Aktuelle utfordringar i våre samanhengar med å byggja ein sann einskap i kyrkja, på tvers av fiendskap og hat. Her er rikeleg med døme både frå samtida, frå fleire av dei arbeidsgreinene Israelsmisjonen er engasjert i, og sikkert også frå våre eigne heimlege miljø.

-Likesom Paulus ba for efesarane, kan vi be for kvarandre; om at Far i himmelen kan gje oss styrke og kraft (3,16), tru i hjarto (3,17); rotfeste i kjærleiken (3,18f). La oss oppmuntra kvarandre til ei slik bønneteneste! Ei stor trøyst for oss er, som det sikkert også var for apostelen, at Far i himmelen kan gjera mykje meir enn vi har forstand til å be om (3,20).

-Vi stemmer i med apostelen det same ropet; at all ære er Guds, i frelsaren Kristus Jesus. Slik må det lyda i dag i kyrkjene og kyrkjelydane våre; ja til alle tider.

Paul Odland

Landssekretær NLA Høgskolen

Frå 01 august 2011 misjonssekretær i Rogaland, Den Norske Israelsmisjon

Frå 2004-2014 medlem av Landsstyret, Den Norske Israelsmisjon (permisjon frå 2011)

p-odland@online.no